

Brød og sirkus i horisonten - Festidalen ser fram til 2021.

25.04.2020



Festidalen 2020 er avlyst, men festivalleiringa ser ljost på tida fram til neste års festival.

**Det vert rista hardt i klogen vår for tida. Arbeidsplassar, møteplassar, oljefond og folk dinglar etter berre ein finger eller to. Det meste heng framleis ved, men noko fell frå. Og på grunnlag av den situasjonen me er i no, kom kulturministeren med avgjerdsla om at årets festivalsommar er avlyst. Mange kulturtilbod fell då frå. Men tru oss, me skal bestå. Dette var venta. Og mest truleg rett. Det er godt å få svar, men vondt og tungt å ikkje få samlast på Festidalen i år.**

Likevel skal me vera glad me har politikarar som tek ansvar. Og kva gjer me i slike tider? Me salar hesten og galopperer mot 2021. Dette er ikkje tida for sutring og sjølvmedlidenhet. Det å ha noko positivt snadder å sjå fram til, gjer desse usosiale dagane lettare. Me er sjølvsagt godt i gang med neste sommars Festidalen. Og den skal bli så saftig og smakfull at sjølv Brimi skjemser. Løft blikket, og sjå mot neste sommar.

Tenk, snart har me dalva desse viruslenkene sørder og saman, og står der på kulturbeitet i Uskedalen med øyrene fulle av godlyd. Me i Festidalen ynskjer alle saman ei trygg og frisk tid fram til då. □

Tekst: Pressemelding

Foto/nett: Kristian Bringedal